



FORELDRENETTVERK

Eit helsefremjande tiltak i barneskulen

2017/2018



Stord kommune har tilbud om Foreldrenettverk i barneskulen. Foreldrenettverk er tema- foreldremøte, der foreldra kan drøfte aktuelle tema saman med fagpersonar. Møta inngår i sosial årsplan, og kvar klasse kan ha 2 nettverksmøte kvart skuleår.

Folkehelsekoordinator, skulehelsetenesta og andre støttetenester for barn og unge, ynskjer å legge tilrette for foreldresamarbeid med fokus på helsefremjande og førebyggjande arbeid. I nettverksmøte får foreldra kunnskap om eit aktuelt tema, og drøftar spørsmål rundt temaet i grupper med andre foreldre. Der det er aktuelt kan foreldra bli einige om felles haldningar og reglar (foreldreavtalar).

Nettverkssamlinga kan vere ein del av dei vanlege foreldremøta, eller eigne samlingar. Dersom ein vel å ha samlinga som del av foreldremøte, må ein rekna minimum 60 min. Det blir lagt opp til ei samling kvart halvår.

Foreldra, ev. i samråd med skulen, bestemmer tema for samlingane. Liste over aktuelle tema og kommunale fagpersonar/fagmiljø på neste side. Dersom det er ynskje om andre tema/fagpersonar bør dette takast opp med skulen først.

Foreldrekontakt gjer avtale med den som er oppført som kontaktperson for det aktuelle temaet. Dersom fleire kontaktpersonar står oppført, skal ein velje ein. Fagpersonane vel om dei vil stille på møtet aleine eller fleire saman.

Foreldrekontakt, i samarbeid med kontaktlærer, organiserer det praktiske rundt samlinga. Ein bør leggje vekt på å nå alle foreldre med informasjon. Fagpersonen har innleiing om temaet, og inviterer deretter til dialog/diskusjon.

Fagpersonane som deltek i nettverkssamling er kommunalt tilsette som gjer dette som del av si ordinære arbeidstid. Ved bruk av forelesar frå organisasjonen Barnevakten, må kostnader avklarast med kontaktperson (sjå også <https://www.barnevakten.no/foredrag/prisliste/>).

Foreldrenettverk er eit tilbud til 1.- 6. trinn. 7. trinn gjennomfører programmet "Ung på Stord", som inkluderer nettverkssamlingar for foreldre.

	TEMA	FAG/RESSURS	KONTAKTPERSON	TLF
Fysisk aktivitet	Aktiv og trygg skuleveg	Politiet	Dag Vidar Nordhus	53402800
	Fysisk aktivitet i ein hektisk kvardag	Folkehelsekoord.	Tove V. Agdestein	97552209
		Fysioterapi	Torill S. Skjetne	53496986
Psykisk helse	Gode klassemiljø	PPT	Jannecke Fjeldtvedt (1.-3. trinn)	53496946
		Skule	Rektor	97552120
	Førebyggje mobbing	Skule Helsesøster/BUP SLT	Rektor Helsesøster på skulen Bjarte Epland	48153218
Familien	Å bry seg når barn ikkje har det bra	Barnevernet	Jørund Tvedt	97552163
	Samspel foreldre-barn	Barnevernet	Jørund Tvedt	97552163
	Fritidsaktivitetar: Korleis gjere gode val?	Folkehelsekoord.	Tove V. Agdestein	97552209
Skulen	Leksehjelp	Skule	Kontaktlærer Rektor	
	Skulevegring	PPT	Jannecke Fjeldtvedt (1-3 tr)	53496946
		Helsesøster Skule	Helsesøster på skulen Rektor	
Meistring og aktiv deltaking i eigen skulekvardag for born og unge med ulike funksjonsnedsetjingar	Ergoterapeut	Andreas Sirevaag	41405425	
Kosthald	Kosthald og tannhelse	Tannpleiar	Brit Låstad	53409550
		Helsesøster	Helsesøster på skulen	
	Mat til kvardag og fest	Helsesøster	Helsesøster på skulen	
Grenser	TV, data og mobil	SLT	Bjarte Epland	48153218
		Barnevakten	Kjetil Fyllingen	976 6363
	Utetid, leggetid, søvn	Helsesøster	Helsesøster på skulen	
	Røyk og rus	Utekontakten SLT	John H. Staveland-Sæter Bjarte Epland	97552121 48153218

NB! Det skal berre gjerast avtale med ein kontaktperson til kvart møte



STORD KOMMUNE



Spørsmål om foreldrenettverk kan rettast til rektor ved skulen, eller
folkehelsekoordinator Tove V. Agdestein tove.agdestein@stord.kommune.no
tlf. 97 55 22 09